# Samandrag – Økonomi- og handlingsplan 2027–2030

## Hovudtrekk

Dette er kommunedirektøren sitt forslag til økonomi- og handlingsplan for 2027–2030. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 17. desember 2026.

Forslaget har eit **netto driftsresultat på 16,8 mill. kr i 2027**. Dette går til å dekke inn tidlegare meirforbruk. Kommunedirektøren foreslår at heile det udekka meirforbruket frå 2024 og 2025 blir dekt inn innan utgangen av 2029. Det blir ikkje sett av noko til disposisjonsfond før i 2029.

Samtidig aukar investeringane. Planen legg opp til investeringar på 245,0 mill. kr i 2027 og 326,7 mill. kr i 2028. Helsehuset er det klart største prosjektet, med 208,8 mill. kr i 2027 og 319,0 mill. kr i 2028. Det meste blir finansiert med lån, så gjelda og finansutgiftene aukar. Netto lånegjeld stig frå 90,7 prosent av driftsinntektene i 2026 til 118,6 prosent i 2028. Renter og avdrag aukar frå 72,7 mill. kr i 2027 til 87,7 mill. kr i 2029.

Tenesterammene går ned gjennom perioden. Samla ramme for einingane er 535,6 mill. kr i 2027 og 511,0 mill. kr i 2030. Det er lagt til grunn om lag 574 årsverk i 2027, mot om lag 594 i 2026.

## Hovudtal

Tabellen viser hovudtala i forslaget. Beløpa er i 1000 kr. Kjelda er løyvingsoversikta for drift etter § 5-4 første ledd, der inntekter og overskot står med minusteikn. Her er alle tala viste som positive.

| | **2027** | **2028** | **2029** | **2030** |
|---|---|---|---|---|
| **Sum generelle driftsinntekter** | 617 053 | 605 284 | 599 984 | 602 953 |
| **Netto løyvingar til drift** | 527 533 | 508 437 | 503 897 | 503 402 |
| **Netto finansutgifter** | 72 700 | 86 450 | 87 700 | 84 700 |
| **Netto driftsresultat** | **16 820** | **10 397** | **8 387** | **14 851** |
| **Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter** | 1,9 % | 1,2 % | 1,0 % | 1,7 % |
| **Dekning av tidlegare meirforbruk** | 16 733 | 11 682 | 3 775 | 0 |
| **Avsetning til disposisjonsfond** | 0 | 0 | 6 110 | 16 562 |

## Generelle inntekter 2027

Rammetilskotet er 317,7 mill. kr, inntekts- og formuesskatten 230,1 mill. kr og eigedomsskatten 38,4 mill. kr. Konsesjonskraft gir 17,2 mill. kr, og integreringstilskotet er 22,4 mill. kr. Integreringstilskotet fell til 9,9 mill. kr i 2028 og 4,9 mill. kr i 2030, fordi tilskotet for flyktningane som vart busette i 2022 og 2023 fell bort.

### Inndekking av meirforbruk

Det udekka meirforbruket var 17,761 mill. kr frå 2024 og 22,988 mill. kr frå 2025, til saman 40,749 mill. kr. Av dette er 8,571 mill. kr budsjettert inndekt i 2026. Forslaget dekker inn resten i 2027–2029. Etter ROBEK-reglane skal meirforbruket frå 2024 vere dekt inn innan 2028, og meirforbruket frå 2025 innan 2029.

### Finansielle måltal med handlingsreglar

Kommunestyret vedtok desse handlingsreglane i økonomireglementet 30.04.2026. Tabellen viser korleis forslaget ligg an mot kvar regel. Vurderinga i parentes er gjord etter intervalla i reglementet.

| Prosent av driftsinntekter | Lite handlings-rom | Moderat | Stort | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Netto driftsresultat** | < 1 % | 1–1,75 % | > 1,75 % | 1,9 % (stort) | 1,2 % (moderat) | 1,0 % (moderat) | 1,7 % (moderat) |
| **Disposisjonsfond** | < 4 % | 4–9 % | > 9 % | 0,0 % (lite) | 0,0 % (lite) | 0,7 % (lite) | 2,7 % (lite) |
| **Netto lånegjeld** | > 100 % | 100–80 % | < 80 % | 100,5 % (lite) | 118,6 % (lite) | 116,1 % (lite) | 110,2 % (lite) |

**Netto driftsresultat** ligg innanfor moderat eller stort handlingsrom heile perioden. Fram til og med 2029 går likevel det meste av resultatet til å dekke inn tidlegare meirforbruk. Derfor bygger det ikkje opp nokon buffer.

**Disposisjonsfondet** er tomt i 2027 og 2028. Kommunen har ingen buffer mot uføresette hendingar i desse åra.

**Netto lånegjeld** ligg over 100 prosent i alle åra i planperioden, mest i 2028 med 118,6 prosent. Gjeld per innbyggjar stig frå 127 444 kr i 2026 til 171 857 kr i 2028.

Ved utgangen av 2025 var netto driftsresultat −2,5 prosent, disposisjonsfondet −0,2 prosent og netto lånegjeld 84,5 prosent. Forslaget betrar netto driftsresultat betydeleg. Disposisjonsfondet ligg framleis innanfor lite handlingsrom ut planperioden. Gjelda går frå moderat til lite handlingsrom frå 2027.

### Driftsbudsjettet 2027

Rammene bygger på år 2 i økonomiplanen for 2026–2029, justert etter ein gjennomgang av stillings- og detaljbudsjettet i kvar eining. Det er lagt til grunn ein prisvekst på 2,7 prosent og ei felles lønspott

på 9 mill. kr, som blir fordelt etter lønsoppgjeret. Gebyra aukar som hovudregel med 5,0 prosent. Gebyra for vatn, avløp og feiing aukar samla med 4,1 prosent.

Samla ramme for alle einingane går ned gjennom perioden. Den største reduksjonen kjem i 2028.

| 1000 kr | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 |
|---|---|---|---|---|
| **Sum rammer, alle einingar** | 535 583 | 516 237 | 511 497 | 511 002 |

Dei største endringane frå opphavleg vedteken ramme til forslag for 2027:

| Eining | Vedteken ramme | Forslag 2027 | Forklaring i planen |
|---|---|---|---|
| **Bu og aktivitetsteneste** | 72 402 | 78 788 | Høgare tillegg for kveld og natt, ny barneavlasting for to barn |
| **Surnadal barne- og ungdomsskule** | 77 480 | 82 391 | Fleire tiltak frå 2026 har vore vanskelege å innfri, og behovet rundt elevar har auka. Vaksenopplæringa blir redusert |
| **Sjukeheimen** | 67 631 | 69 306 | Høgare tillegg for kveld og natt, høgare apotekkostnader |
| **Indre Nordmøre barneverntenesteste** | 15 142 | 16 557 | Tiltak sette i verk i 2026 held fram |
| **NAV** | 21 226 | 18 881 | Sosialhjelp og bustadtilskot er venta å gå noko ned |

Frå 2027 blir Midtigrenda barnehage og Øye og Solbakken barnehage slått saman til Sentrumsbarnehagane. Dei tre oppvekstsentra blir slått saman til Oppvekstsentra. Næringsfondet får eige ansvar.

### Omstilling – Surnadal inn i framtida

Kommunestyret vedtok i 2025 å starte eit omfattande omstillingsarbeid for å sikre ein berekraftig økonomi og tenesteproduksjon. Målet er å redusere kommunens kostnadsnivå gjennom mellom anna effektivisering, endra organisering og betre ressursutnytting. Arbeidet blir gjennomført i samarbeid med KS Konsulent og skal munne ut i ein samla omstillingsplan med konkrete tiltak og konsekvensvurderingar.

Fase 1 har gitt kommunen eit felles kunnskapsgrunnlag om økonomi, tenestenivå og omstillingsbehov. Analysen peikar på behov for varige reduksjonar i driftsnivået og identifiserer fleire område som må

vurderast nærare. I fase 2 arbeider så langt ni tiltaksgrupper med å finne løysingar innan mellom anna:

- samhandling
- digitale løysingar
- fleksibel ressurs- og kompetanseutnytting
- struktur og organisering
- arbeidsplanlegging
- styring og forvaltning

Resultatet skal bli ein samla omstillingsplan som blir styrande for tiltak og prioriteringar i perioden 2027–2030. Omstillingsplana vil erstattar dei tidlegare vedtekne tiltaka frå 2024 og 2025. Dette inneber at vidare oppfølging og rapportering skal knytast til tiltaka i den nye plana, medan tidlegare vedtak om kostnadsreduserande tiltak blir rekna som avløyste av den samla omstillingsplana.

### Investeringar og gjeld

Investeringane er størst i 2027 og 2028 og fell deretter kraftig. Det skuldast helsehuset.

| **1000 kr** | **2027** | **2028** | **2029** | **2030** |
|---|---|---|---|---|
| **Investeringar i varige driftsmiddel** | 244 985 | 326 700 | 25 100 | 700 |
| **– av dette helsehuset** | 208 800 | 319 000 | 17 400 | 0 |
| **Finansiert med lån** | 142 844 | 187 260 | 21 580 | 660 |
| **Netto lånegjeld i % av driftsinntektene** | 100,5 % | 118,6 % | 116,1 % | 110,2 % |

Kommunestyret har vedteke ei totalramme på 580 mill. kr for helsehuset. Byggekontrakten er ikkje signert, i påvente av endeleg dato for arkeologiske utgravingar. Helsehuset skal etter planen stå ferdig tidlegast ved utgangen av 2028 og få 96 rom.

I 2027 er det foreslått eit låneopptak på 140 mill. kr til investeringar og 5 mill. kr i startlån. Fordi kommunen er i ROBEK, er det Statsforvaltaren som avgjer kor stort låneopptaket blir.

Renteutgiftene aukar frå 48,7 mill. kr i 2027 til 52,6 mill. kr i 2028. Netto finansutgifter er høgast i 2029, med 87,7 mill. kr.